

BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENTET  
Postboks 8036 DEP  
0030 OSLO

## Svar høyring - Forskrift til trussamfunnslova om forvaltning av kyrkjebygg

Vi viser til oversending datert 20.11.2020 med «Høyring - Forskrift om forvaltning av kulturhistorisk verdifulle kirkebygg i medhald av ny trossamfunnlov, jf. lov 24.april 2020 nr. 31 om tros- og livssynssamfunn (trossamfunnsloven) § 15 annet ledd».

Departementet opplyser at fylkeskommunane ved ein inkurie har falt ut av høyringslista. Frist for innspel vart i utgangspunktet sett til 26.11.2020, men det vert gjeve utsett frist for fylkeskommunane til 27.11.2020. Planlagd ikraftsetjing er 01.01.2021.

Vi viser også til dykker brev av 30.11.2020 med oppklaringar av kva forskrifa omfattar. Departementet viser her til at forskriften om forvaltning av kulturhistorisk verdifulle kyrkjebygg etter trussamfunnlova gjeld dei listeførte kyrkjene. Forskriften til trussamfunnslova er ein overgangsordning inntil spørsmål om forvaltning av både freda og listeførte kyrkjebygg vert handsama i arbeidet med ny kulturmiljølov. I denne overgangsperioden vert det lagt opp til at kulturmiljøfagleg forvaltning av freda og listeførte kyrkjer vil ligge hos Riksantikvaren, noko som er i samsvar med dagens forvaltningspraksis.

I sistnemnde brev frå departementet vert utsett frist for høyringssvar sett til 04.12.2020.

### Førebels høyringssvar

I Vestland fylkeskommune vert forskriftshøyringar handsama politisk. Forskriften til trussamfunnslova om forvaltning av kyrkjebygg skal handsamast både i hovudutval for kultur, idrett og integrering og i fylkesutvalet. I brev av 26.11.2020 har vi bedt om utsett frist for å gje høyringssvar til slik handsaming er gjennomført. I svarbrev frå dykk er det det ikkje opna opp for utsetjing utover 04.12.2020. Høyringssvaret her er difor eit administrativt høyringsinnspel og vi tek etterhald om at endeleg høyringssvar kan innehalde ytterlegare moment og merknader til høyringa.

### Generelt om høyringsforlaget

Forslaget legg opp til ein ansvarsstruktur for dei listeførte kyrkjene som samsvarer med dagens. Etter Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven av 15. februar 2019 nr. 127. § 2 nr. 7 er Riksantikvaren myndigheit etter kulturminnelova i saker som gjeld kyrkjer. Både freda kyrkjer og listeførte kyrkjer vil såleis sortere under Riksantikvaren sitt ansvarsområde som i dag.

Vi vil presisere at uttalen til høyringa her omfattar innspel til overgangsordninga som skal gjelde inntil ny ansvarsdeling mellom forvaltningsnivåa er avklart i ny forskrift/lov.

### Omgjevnadane til dei listeførte kyrkjene

Vestland fylkeskommune merker seg at dei listeførte kyrkjene sine nære omgjevnader ikkje er nærmere omtalt i høyringa eller i forskriften. Det er problematisk at forskriftsutkastet, ut frå heimelsgrunnlaget i trussamfunnslova § 15 siste ledd, berre kan regulere kyrkjebygga og ikkje omgjevnadane og konteksten desse bygga inngår i. Tiltak innafor dei nære omgjevnadane til dei listeførte kyrkjene kan ha stor innverknad på kyrkjestedene sine kulturhistoriske verdiar og opplevinga av desse. Dette vert i gjeldande kyrkjelov fanga opp gjennom avgrensingar i

byggeløyve nærmere kyrkje enn 60-meter i område med spreidd busetnad, samt i reglar for oppføring, ombygging og utviding m.m. av kyrkjer.

I dag gjev fylkeskommunane uttale til tiltak som berører omgjevnadane til dei listeførte kyrkjene og innhentar samstundes biskopen sin vurdering av tiltaka. Gjennom Riksantikvaren sitt høyringsinnspeil er vi gjort kjend med at biskopen sin myndighet til å gje uttale til endringar i kyrkjebygga sine nærmere omgjevnader, (både dei som er omfatta av plan- og bygningslova og mindre tiltak som fell inn utefor) no vil avviklast som følgje av bortfallet av kyrkjelova. Vi er samd med Riksantikvaren i deira vurdering av behovet for myndighetskontroll som sikrar kulturminnefagleg involvering: «Riksantikvaren er opptatt av at både store og små tiltak i listeførte kirkers nærmere omgivelser fortsatt skal underlegges en myndighetskontroll som sikrer kulturminnefaglig involvering. Vi er åpne for at slik myndighetskontroll kan sikres på ulike måter, men det er avgjørende at dette nedfelles i rundskriv - aller helst i det nye kirkerundskrivet, subsidiært i et rundskriv knyttet til gravplassloven» (sitat slutt).

Fylkeskommunen meiner det vil vere behov for eit rundskriv som sikrar kulturminnefagleg medverknad i forvaltninga av dei listeførte kyrkjene sine omgjevnader utover det plan- og bygningslova åleine kan sikre. Likeins vil summen av mange små tiltak, som ikkje er søknadspliktige etter plan- og bygningslova, kunne ha ein negativ verknad på omgjevnadane til kyrkjene, noko som ytterlegare understrekar behovet for eit slikt rundskriv.

#### Listeføring av nye kyrkjer

Det er positivt at forskrifa i § 2, tredje ledd regulerer korleis lista over kulturhistorisk verdifulle kyrkjer kan endrast. Listeføring er ei form for vern, og den viktigaste forma for vern av kyrkjer som ikkje er freda. På bakgrunn av den rolla fylkeskommunen har elles i verneprosessar etter plan- og bygningslova og kulturminnelova, er det naturleg at fylkeskommunen som regional kulturminnemyndighet vert involvert i vurderinga av listeføring. § 2, tredje ledd bør difor endrast slik at forslag om endringar i lista også vert lagt fram for fylkeskommunen. I tillegg meiner vi fylkeskommunen sjølv må kunne kome med forslag til endringar i lista, jf. § 2. andre ledd.

#### Konklusjon

Vestland fylkeskommune finn det positivt at forskrifa, som no vert utarbeidd som ein overgangsordning, vidarefører dagens ordning med forvaltning av dei kulturhistorisk verdifulle kyrkjene slik at desse vert sikra eit formelt vern også i den nye trussamfunnsløva.

Det er også positivt at kyrkelege organ sjølve kan føreslå nye oppføringer på den statlege lista. Ut frå fylkeskommunen sin rolle som regional kulturminnemyndighet, finn vi det er naturleg at slike endringar også vert lagt fram for fylkeskommunen til uttale, samt at fylkeskommunane sjølve kan kome med forslag til endringar i lista. Vi føreslår difor at § 2, andre ledd vert endra til : «Riksantikvaren, fylkeskommunen og kirkelige organer kan foreslå endringer i listen. Fylekskommunen og kirkelige organer sender sine forslag til Riksantikvaren» og at § 2, tredje ledd, vert endra til : «Forslag om endringer i listen legges fram for berørte eiere, fylkeskommuner, kommuner og kirkelige organer før Riksantikvaren treffer sin beslutning.»

Vestland fylkeskommune meiner vidare at det er viktig å ivareta dei nærmere omgjevnadane til dei listeførte kyrkjene på ein måte som sikrar heilskapen og kulturmiljøa desse kyrkjene er ein del av. Dette vil vere i tråd med St. melding 16 (2019-2020) «Nye mål i kulturmiljøpolitikken», der regjeringa legg vekt på å sikre forsvarleg forvaltning av dei heilskaplege miljøa som kulturminna inngår i. For å sikre at dette vert ivaretakne, meiner fylkeskommunen at det vil vere behov for at kulturminnefagleg involvering i forvaltninga av dei listeførte kyrkjene sine nærmere omgjevnader vert nedfelt i rundskriv.

#### Avsluttande merknad

Høyringssvaret her er eit administrativt høyringsinnspeil og vi tek etterhald om at endeleg høyringssvar kan innehalde ytterlegare moment og merknader til høyringa. Vi vil ettersende den politiske saka så snart ho er ferdig handsama i fylkesutvalet 19.02.2021.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

David Aasen Sandved  
seksjonssjef

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*